



GANGSTØ TRANSPORT AS  
Gangstøvegen 23  
5568 VIKEBYGD

Kontakt saksbehandlar

Elisabeth Time Ellingsen, 51568799

## Mellombels løyve til lagring av dekk Vindafjord 332/74 - Gangstø Transport AS

Me visar til søknad frå Gangstø Transport AS datert 3. desember 2024.

### Vedtak

Statsforvaltaren i Rogaland gir Gangstø Transport AS mellombels løyve til lagring av inntil 500 tonn dekk på tomt 332/74 i Vindafjord kommune. Løyve gjeld frå dags dato og til 15. mars 2025.

Løyve er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29.

### Bakgrunn for saka

Gangstø Transport AS søker Statsforvaltaren om mellombels løyve til lagring av kasserte dekk på tomt 332/74 i Vikebygd, Vindafjord kommune. Etter brann i behandlingsanlegg for brukte dekk er det behov for økt lager inntil oppsamla dekk kan leverast til Sverige. Gangstø Transport AS søker om løyve til lagring av inntil 500 tonn dekk frem til 15. mars 2025. Grunneigar er informert.

### Statsforvaltarens vurdering

Grunna utfordringar med vidarelevering av kasserte dekk grunna brann i nedstrøms anlegg, er det behov for økt mellomlager i regionen.

Tomta er eigd av Vindafjord kommune, og inngår i området som brukast av Vindafjord Port (Dommersnes AS). Tomta er regulert til næring, og er alt utbygd.

Statsforvaltaren gir løyve på følgande vilkår:

- Lagra dekk skal ikkje føre til fare for forureining. Det skal ikkje vera fare for avrenning eller forsøpling til Ålfjorden.
- Innan sluttdato 15. mars skal verksemda rydde ut og tomta skal bli tilbakeført i god stand. Dersom område ikkje er tilstrekkeleg opprydda vil Statsforvaltaren vurdere tvangsmulkt.
- Lageret skal ikkje vere til sjenanse for andre. Gangstø Transport AS må avgrense støy og støv mest mogleg.
- Gangstø Transport AS skal føre journal av inngåande og utgåande mengder avfall, samt mengder som vert lagra på tomta.
- Mellombels lager skal inngå i Gangstø Transport AS sin årleg eigenrapport til Statsforvaltaren.



Mellombels mellomlagring av dekk på et alt etablert industriområde blir ikkje vurdert til å påverke naturmangfald eller krava i vassforskrifta. Det vert derfor ikkje gjort ein vurdering av naturmangfaldlova §§ 9 til 12 eller vassforskrifta §§ 4-6.

### Sakshandsaming

Statsforvaltaren behandlar søknad om nye og endra løyve etter forureiningsforskrifta kapittel 36.

Saka er unntatt forhandsvarsel grunna klar samfunnsinteresse, og vedtaket vil være av mindre miljømessig betydning, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd.

Kopi av vedtaket vert sendt kommunen, og kunngjort på Statsforvaltaren i Rogalands nettside: <https://www.Statsforvalteren.no/Rogaland/Miljo-og-klima/>

### Varsel om gebyr

Statsforvaltaren tek saksbehandlingsgebyr for behandling av nye og endra utsleppsløyve. Gebyret skal dekke kostnadane med å behandle søknaden. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39.

Gebyrsatsen er vald basert på Statsforvaltarens ressursbruk ved behandling av søknaden. Vi har plassert arbeidet med dette løyvet under minstesats, **gebyrsats 9**, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale kroner **kr. 8 900,-** i gebyr for løyvet. Merknader til dette varselet kan sendast oss innan to veker etter at det er motteke.

### Klagerett

Partane som er involvert i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren i Rogaland innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ein eventuell klage skal gje nærare opplysningar om kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønsker. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett.

Med helsing

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)  
fagleder forurensing

Elisabeth Time Ellingsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

VINDAFJORD KOMMUNE

Rådhusplassen 1

5580

ØLEN